



Det var eit vakkert syn då skonnerten IDEAL av Kristiansund gjekk Storsund på sin fyrste seglas til Rosendal etter ferdigstillinga i 2019.

**Det var ei staseleg skute som i 15 tida i dag, onsdag 23, september, kom inn Storsund på sin seglas til Rosendal. IDEAL er kopi av skonnerten ROSENHEIM, bygd på Skaaluren Skibsbyggeri 1910. Det vart bygd fire farty av denne typen tidleg på 1900 talet. Originale teikningar frå perioden 1903 - 1910 er lagt til grunn, men bygginga er tilpassa dagens krav til styrke og passasjersertifikat.**

Skonnerten IDEAL er byggenummer 82 på Skaaluren, 93 fot og 125 bruttotonn, var bygd for J.K. Lunde og Johan T. Østbø med fleire i Hundvåg i Stavanger. Fartyet segla mellom anna i Middelhavet, til Newfoundland og Brasil, vart seld til Tyskland i 1914.

Skonnerten ROSENHOLM, byggenummer 102 var noko større, 117 fot og 177 brt., bygd for den same Johan T. Østbø i Stavanger. Dette fartyet gjekk også på langfart.

IDEAL på heile 148 fot og 125 brt. er ein tremestra seiltoppa skonnert med heimehamn i Kristiansund. Rune Torgeirson med maritim utdanning er idealisten bak prosjektet. Med seg har han ei venegruppa. Fartyet er bygd i perioden 2014 - 2019 på Saltkaia i Kristiansund. Masterhøgda er 26 meter. Det er heile 11 segl med ei samla seglflate på 556 rutemeter. Riggteikninga frå ROSENHOLM er brukt som grunnlag for den nye riggen. Fartyet går med ein Scania motor på 450 HK:

Skonnerten IDEAL er i Rosendal for fyrste gong sidan ferdigstillinga for eit år sidan. I kveld har det vore gjester frå Rosendal om bord, mellom anna Tørris Skaaluren frå familien hans som ein gong bygde slike skuter. Rune Torgeirson var i si tid i Rosendal for å gjera djupdykk i Skaalurenarkivet på Rådhuset der teikningar og arkivmateriale er samla og sikra for komande slekter.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs